

SPRÅKRÅDET

Utdanningsdirektoratet
Postboks 2924 Tøyen
0608 OSLO

REF.

VÅR REF.
200200633-2 JG/SIG/ER

DATO
13.1.2006

Endringer i forskrift til opplæringslova 28. juni 1999 nr. 722 Fråsegn frå Språkrådet

Vi viser til brevet 13.10.2005 frå Utdanningsdirektoratet vedlagt forslag til endringer i forskrift til opplæringslova.

Fråsegna vår er delt i to, dessutan er eit notat vedlagt.

Språkrådet har merknader til desse punkta:

kapittel 1, § 1-10 *Fritak/unntak frå kravet til opplæring i norsk sidemål*

kapittel 2, § 2-4 *Nasjonale prøver*

kapittel 3 og 4, § 3-19 og § 4-23 *Hjelpemiddel til eksamen*

kapittel 17, *Kravet om språkleg parallellutgåve*

§ 17-2 *Hovudregel*

§ 17-3 *Unntak*

§ 17-4 *Alternative måtar*

§ 17-5 *Oppfølgingsansvar*

Språkrådet vil dessutan leggja fram merknader (side 5) til to paragrafar i opplæringslova, der det trengst presisering i ny forskriftstekst eller eventuelt kunngjering til skulane ved rundskriv. Det gjeld opplæringslova

§ 2-5 *Målformer i grunnskulen, første leddet og*

§ 9-4 *Lære bøker og andre læremiddel, tredje leddet*

Til desse siste punkta følgjer eit notat som vedlegg.

Venleg helsing

Sylfest Lomheim
direktør

Eilov Runnestø
rådgjevar

Vedlegg: 1 Fråsegn frå Språkrådet til endringer i forskrifta til opplæringslova
2 Framlegg frå Språkrådet om nye forskrifter til opplæringslova
Notat frå Språkrådet 13.1.2000

Språkrådet 13.1.2006

1 Fråsegn til endringar i forskrifta til opplæringslova

Innhald:

kapittel 1, § 1-10 *Fritak/unntak frå kravet til opplæring i norsk sidemål*. Merknad og framlegg
kapittel 2, § 2-4 *Nasjonale prøver*. Stør alternativ 2, med framlegg til tilleggstekst
kapittel 3 og 4, § 3-19 og § 4-23 *Hjelpemiddel til eksamen*. Merknad og framlegg til tilleggstekst
kapittel 17 *Kravet om språkleg parallellutgåve*
§ 17-2 *Hovudregel*. Merknad
§ 17-3 *Unntak*. Stør framlegget
§ 17-4 *Alternative måtar*. Merknad og framlegg til tilleggstekst
§ 17-5 *Oppfølgingsansvar*. Merknad og framlegg til tilleggstekst

Kapittel 1, § 1-10 Fritak/unntak frå kravet til opplæring i norsk sidemål skriftleg

Merknad:

Det er i dag umogeleg å få tak i statistikk over kor mange elevar i t.d. Oslo som får fritak frå opplæring og vurdering i skriftleg sidemål. Forskrifta opnar for skjønn og sikrar ikkje kvaliteten på vurderinga av grunnlaget for å få slikt fritak.

Språkrådet gjer merksam på at dei som etter § 2-8 i lova i dag har rett til fritak frå opplæring i skriftleg sidemål, ikkje er ei einsarta gruppe, verken når det gjeld føresetnader for språklæring eller for kulturell integrering. Opplæring i sidemålet rører ikkje berre ved pedagogiske spørsmål, det er like mykje eit kulturpolitisk spørsmål.

Forskriftsteksten må skilja dei som verken har norsk eller samisk som morsmål i to elevgrupper. Dei som følgjer læreplanen i *morsmålsopplæring for elevar frå språklege minoritetar*, bør få automatisk fritak frå både opplæring og vurdering i skriftleg sidemål. Dei som følgjer *læreplanen i norsk som andrespråk*, og som går heile grunnskulen i Noreg, skal ikkje automatisk få slikt fritak. Ettersom norsk som andrespråk er eit overgangsfag, der siktemålet med faget er å få elevane over i det allmenne norskfaget, må fritak frå opplæring i sidemålet vurderast berre dersom progresjonen for eleven i 8. klasse er slik at han/ho ikkje vil kunna ta del i opplæring i det allmenne norskfaget i vidaregåande skule. Me viser elles til arbeidsgruppa som vart nedsett av Utdannings- og forskingsdepartementet i 2005. I rapporten *Framtidas norskfag* blir det tilrådd (side 39) å utvikla ”retningsliner for overgang frå norsk som andrespråk til vanleg norsk”. Språkrådet stør dette, og gjer nedanfor framlegg om å endra kapittel 1 § 1-10 i samsvar med denne intensjonen.

Framlegg til forskriftstekst:

For desse elevane gjeld ikkje kravet til opplæring i norsk sidemål skriftleg:

- elevar med opplæring i samisk som førstespråk
- elevar som får opplæring i teiknspråk etter opplæringslova § 2-6 og §3-9
- elevar som følgjer læreplanen i morsmålsopplæring for elevar frå språklege minoritetar

For desse elevane kan kravet til opplæring i norsk sidemål skriftleg vurderast:

- elevar med samisk som andrespråk eller finsk som andrespråk

- elever som følger læreplanen i norsk som andrespråk

Merknad

I tråd med det som er nemnt ovanfor, stør Språkrådet arbeidsgruppa bak *Framtidas norskfag* når dei tilrår at opplæringslova kapittel 3 blir revidert slik at minoritetsspråklege elever i vidaregåande opplæring får same rett til særskild norskundervisning som elever i grunnskulen. Språkrådet stør dette, og gjer framlegg om å endra forskrifta.

Kapittel 2, § 2-4 Nasjonale prøver

Språkrådet stør alternativ 2 og gjer **framlegg om at denne setninga skal inn i andre leddet i forskrifta**: *Dei nasjonale prøvene skal liggje føre til same tid på nynorsk og bokmål.*

Kapittel 3 og 4, § 3-19 og § 4-23 Hjelpemiddel til eksamen

Merknad:

Ved kgl.res. 13.1.84 vart Norsk språkråd godkjenningssinstans for ordlister, og opplæringslova slår i § 9-4 fjerde leddet fast at ordlister til skulebruk skal godkjennast av Språkrådet. Me føreset at læreplanane for Kunnskapsløftet fastset at i norskfaget skal berre dei ordlistene og ordbøkene som er godkjende av Språkrådet, brukast til eksamen.

Framlegg til tilleggstekst: *Berre godkjende ordlister/ordbøker skal nyttast til eksamen i norsk i grunnskulen og den vidaregåande skulen.*

Kapittel 17, Kravet om språkleg parallellutgåve

§ 17-2 Hovudregel

Merknad:

Det finst i dag ingen som fører tilsyn med at læremiddel ligg føre i parallellutgåver til same tid og til same pris. Dette er uheldig, ikkje minst for skuleeigarar, som kan risikera å ikkje få det læremiddelet dei kunne ynskt, nett fordi det ikkje finst på begge målformer. Språkrådet ber Utdanningsdepartementet om å forskriftsfesta eit slikt tilsyn. Sjå merknaden og framlegget vårt til § 17-5 nedanfor.

§ 17-3 Unntak

Når det gjeld kravet om språkleg parallellutgåve, ser Språkrådet det som svært positivt at unntaket for "administrativ programvare" (kontorstøtteprogram) i § 17-3 no blir oppheva.

Merknad:

Språkrådet har i mange år vore bekymra for den mangelfulle likestillinga mellom bokmål og nynorsk når det gjeld elektroniske læremiddel. Kontorstøtteprogramma er mellom dei aller viktigaste av slike læremiddel i skulen. Vi har sett det som eit brot på prinsippet om språkleg likestilling at det ikkje har vore stilt krav om at så sentrale dataprogram skulle liggja føre på begge målformer, og vi har teke saka opp mellom anna i brev til KUF 15. april 1999 og i brev til UFD 3. januar 2002. Det er svært gledeleg at unntaket i § 17-3 no blir oppheva.

Det er elles viktig at endringa blir kunngjord slik at skulane og skuleeigarane blir klar over den nye føresegna.

§ 17-4 Alternative måtar

”I læremiddel der den norske teksten utgjer ein mindre del, kan kravet om språkleg parallellutgåve oppfyllest med ei fellesspråkleg utgåve.” § 17-4, første leddet.

Merknad:

Språkrådet har registrert at forlag gjev ut lærebøker i norsk for den vidaregåande skulen der 25 % av stoffet er på nynorsk, og kallar det fellesutgåve. Dette er ein hån mot elevar med nynorsk hovudmål og eit åtak på den sjølvsgdde retten elevane har til å få læremiddel på si målform. – Det må presiserast, anten i ei forskrift til denne paragrafen eller i eit rundskriv for skular og forlag, at i ei fellesutgåve er det om lag 50–50-fordeling mellom målformene. Det blir inga fellesutgåve om ikkje begge målgruppene (bokmåls- og nynorskelevar) blir til godesedde like mykje. Sær ille er det dersom det gjeld lærebøker i norsk.

Framlegg til tilleggstekst:

Fellesspråklege utgåver av lærebøker har tilnærma 50–50-fordeling av tekst på kvar av målformene.

Eventuelt:

Utdanningsdirektoratet syter for retningslinjer for målformfordelinga i fellesspråklege lærebøker, som skulebokforlaga må følgja. (Jf. § 17-5.)

§ 17-5 Oppfølgingsansvar

”Skoleeigaren har ansvaret for å følgje opp dei rettane elevane har til læremiddel på eiga målform ved mellom anna å ta i bruk godkjende lærebøker. Skoleeigaren har ansvaret for å sjå til at dei læremidla som blir brukte regelmessig i opplæringa, ligg føre i språklege parallellutgåver etter forskrifta §§ 17-1 til 17-4.”

Merknad:

Språkrådet vil be Utdanningsdirektoratet syta for oversikter over kva tilfang som finst i parallellutgåver, slik at skuleeigarane får eit reelt val.

Framlegg 1: *Det blir utarbeidd oversikter over godkjende læremiddel til bruk for skule-
eigarane.*

Framlegg 2: *Utdanningsdirektoratet har tilsyn med at læremiddel ligg føre i parallellutgåver.
(Jf. merknad til § 17-2.)*

Språkrådet vil vidare be om at ein instans følgjer opp målformfordelinga i dei fellesspråklege lærebøkene.

Framlegg 3: *Utdanningsdirektoratet har tilsyn med at skulebokforlaga følgjer opp kravet til
målformfordeling i dei fellesspråklege lærebøkene.*

Språkrådet 13.1.2006

2 Framlegg om nye forskrifter til opplæringslova

Språkrådet peiker her på to paragrafar i opplæringslova som det trengst informerast om, eventuelt gjennom forskrifter, eventuelt ved eigne rundskriv. Det gjeld desse paragrafane:

§ 2-5 Målformer i grunnskolen, første leddet

§ 9-4 Lærebøker og andre læremiddel, tredje leddet

Innhald:

- 1 § 2-5 Målformer i grunnskolen, første leddet. Merknad med framlegg
- 2 § 2-5 Målformer i grunnskolen, andre leddet. Merknad med framlegg til forskriftstekst
- 3 § 2-5 Målformer i grunnskolen, tredje leddet. Merknad
- 4 § 9-4 Lærebøker og andre læremiddel, tredje leddet. Merknad med framlegg

1 § 2-5 Målformer i grunnskolen, første leddet

”[...] Frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølv kva skriftleg hovudmålform dei vil bruke.”

Merknad:

Språkrådet får ikkje sjeldan spørsmål som viser at det er stor uvisse blant foreldre og elevar om kva rettar elevar har når dei i 8. klasse vel ei anna målform enn det som er opplæringsmålet i klassen. Ofte er spørsmålet: Er den einaste retten eleven har, det at ho/han sjølv kan *bruka* den valde målforma? Me kan svara at lærarane bør oppmodast til å ta omsyn til og respektera målforma ein elev har valt. Men sidan dette er spørsmål som kjem att og att, viser det at det trengst regelverk for dette området. Det gjeld språklege rettar for ei elevgruppe, det gjeld at elevar skal makta å halda på nynorsk som hovudmål.

Det einaste opplæringslova seier om mål og målbruk i *den vidaregåande skulen* står i § 9-4 Lærebøker og andre læremiddel. Som elev i den vidaregåande skulen kan ein få problem når ein har ei anna hovudmålform enn det fleirtalet i klassen har. Det finst ikkje juridisk bindande reglar som sikrar slike elevar rett til å få oppgåver, prøver osv. på si målform.

Framlegg 1: *Språkrådet ber Utdanningsdirektoratet syta for å få utarbeidd forskrifter til opplæringslova § 2-5, første leddet.*

Framlegg 2: *Språkrådet ber Utdanningsdirektoratet syta for å få utarbeidd eit rundskriv som gjeld val av målform for elevar i den vidaregåande skulen. Det bør byggja på RVO – 71/90 Elevar med eit anna hovudmål enn fleirtalet i klassen/gruppa.*

Jamfør elles det vedlagde notatet.

2 § 2-5 Målformer i grunnskolen, andre leddet

Merknad:

I dag er det slik at sjølv om kommunen gjev føresegner om opplæringsmålform i 1.–7. klasse, er det ikkje alltid slik at læraren brukar opplæringsmålet i t.d. meldingar til heimen og, individuelle opplæringsplanar og innkallingar til foreldremøte.

Framlegg til forskriftstekst: *Administrasjonsspråket i skolen skal følgje opplæringsmålet.*

3 § 2-5 Målformer i grunnskolen, tredje leddet

Språkrådet vil peika på den uheldige formuleringa i tredje leddet: ”Foreldra vel målform i lærebøkene for elevane til og med 7. årstrinnet. Frå og med 8. trinnet vel elevane sjølv. I norskopplæringa skal elevane ha lærebøker på hovudmålet”.

Merknad:

Teksten er utydeleg og opnar for at foreldre kan velja ei anna målform i lærebøker enn det opplæringsmålet (hovudmålet) som kommunen etter første ledd gjev føresegner om. Språkrådet kan ikkje sjå at ein slik praksis er i samsvar med intensjonen i lovteksten i § 2-5. Det er pedagogisk uheldig dersom foreldra vel ei anna målform i lærebøkene i 1.–7. klasse enn hovudmålet. Forskrifta bør gjera det tydeleg kva som er dei pedagogiske konsekvensane av at kommunen gjer vedtak om hovudmål i 1.–7. klasse.

4 § 9-4 Lærebøker og andre læremiddel, tredje leddet

Språkrådet vil ta opp at det bør utarbeidast ei forskrift til lovteksten i § 9-4 Lærebøker og andre læremiddel, tredje leddet, eventuelt lagast eit rundskriv ut frå lovteksten. Der står det no: ”Lesebøkene i norskfaget i grunnskolen skal ha nok tilfang på begge målformer slik at elevane lærer å lese både bokmål og nynorsk.”

Merknad:

Tidlegare fanst det reglar som fordelte bokmål og nynorsk i lesetekstar i norskfaget (kvotefordelingsreglar) i grunnskulen og den vidaregåande skulen. Desse fall bort då den offentlege godkjenninga av lærebøker vart avvikla. Språkrådet har registrert at omfanget av nynorsktekstar minkar i norsklærebøker og i lesebøker og antologiar. Dette er elevar med *nynorsk hovudmål* lite tente med. Det er òg til ulempe for dei som har nynorsk som sidemål.

Framlegg: *Språkrådet gjer framlegg om at reglar for fordeling av bokmål og nynorsk i lesetekstar i norskfaget blir innarbeidde i ei særskild forskrift med heimel i opplæringslova § 9-4, tredje leddet.*

Jamfør elles det vedlagde notatet.

NOTAT

Frå: Språkrådet

Til: Utdanningsdirektoratet

Dato: 13.1.2006

Sak: Notat til forslaget om forskrift til to paragrafar i opplæringslova
1 § 2-5 Målformer i grunnskolen, første leddet og
2 § 9-4 Lærebøker og andre læremiddel, tredje leddet

1 § 2-5 Målformer i grunnskolen, første leddet

”[...] Frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølv kva skriftleg hovudmålform dei vil bruke.”

Språkrådet får ikkje sjeldan spørsmål som viser at det er stor uvisse blant foreldre og elevar om kva rettar elevar har når dei i 8. klasse vel ei anna målform enn det som er opplæringsmålet i klassen. Ofte er spørsmålet: Er den einaste retten eleven har, det at ho/han sjølv kan *bruka* den valde målforma?

Historikk

Ungdomsskulen:

Då grunnskulelova vart endra i 1985 slik at elevane kunne velja eige skriftmål frå 7. klasse, og ikkje frå 8. klasse som før, vart det ikkje sagt noko om ein rett til å få opplæring i den målforma ein valde som hovudmål. Elevar i 7. klasse i ungdomsskulen kunne såleis risikera å ikkje få undervisning i den hovudmålforma dei hadde valt, og berre ”sidemålsundervisning” i hovudmålet i 8.–9. klasse. Men lova gav altså ikkje reglar for fordelinga av dei to målformene der det var språkblanda klassar på ungdomssteget.

Norsk språkråd tok tidleg i 90-åra opp dette problemet med Utdanningsdepartementet. Me bad om at lova måtte endrast slik at elevar på heile ungdomssteget fekk rett til opplæring på hovudmålet sitt, fekk oppgåver og prøver også i andre fag enn norsk på hovudmålforma si, osv. Elles kunne retten til å velja målform lett bli illusorisk. Språkrådet bad om at dersom lova vart endra, måtte desse elevrettane sikrast gjennom dei nye forskriftene til opplæringslova. Det vart ikkje gjort.

Den vidaregåande skulen

Det einaste opplæringslova seier om mål og målbruk i den vidaregåande skulen, står i § 9-4 Lærebøker og andre læremiddel. Som elev i den vidaregåande skulen kan ein få problem når ein har ei anna hovudmålform enn det fleirtalet i klassen har. Det finst ikkje juridisk bindande reglar som sikrar slike elevar rett til å få oppgåver, prøver osv. på si målform. I 1989 tok Norsk språkråd saka opp med Rådet for vidaregåande opplæring, og i 1990 vart ho drøfta på ei møte mellom RVO, Utdannings- og forskingsdepartementet og Språkrådet. Drøftinga førte til eit rundskriv, *RVO – 71/90 Elevar med eit anna hovudmål enn fleirtalet i klassen/gruppa*. Dette rundskrivet

seier korleis undervisninga bør leggjast opp både i norsk og i andre fag dersom retten til å velja målform skal vera noko anna enn ein skinrett.

Spørsmål frå foreldre og elevar til lovteksten i § 2-5, første leddet:

Korleis kunngjer skulen at elevane har denne retten?

Finst det rutinar for å gje informasjon?

Kven informerer?

Går informasjonen til heimen?

Kva går denne retten elevane har, ut på?

Har dei rett til lærebøker i norsk på si målform? (Er dette klart ut frå § 2-5, tredje leddet?)

Har dei rett til å få lærebøker i andre fag på si målform? (Er det underforstått ut frå § 2-5, tredje leddet?)

Har dei rett til å få prøver og oppgåver i norsk på si målform?

Har dei rett til å få prøver og oppgåver i andre fag enn norsk på si målform?

Har elevane rett til eksamensoppgåver også ved lokalt gjeven eksamen på si målform?

Har elevane som vel ei anna målform enn opplæringsmålet for skulen, rett til å få skriftleg *opplæring* i 8. klasse, eller må dei venta til 9. klasse då ordinær sidemålsopplæring tek til? Språkrådet føreslo i merknadene til lovutkastet til opplæringslova i 1995 at val av eiga målform i 8. klasse burde føra til at elevane fekk skriftleg opplæring i begge målformene dei *tre* siste åra i grunnskulen.

I første leddet står det vidare: ”Kommunen gir forskrifter om kva målform som skal vere hovudmål i dei enkelte skolane. Hovudmålet skal nyttast i skriftleg opplæring og i skriftleg arbeid.”

Kva inneber dette for meldingar og anna skriftleg framstilling overfor elevar og heim?

Bruker læraren her målforma til eleven, opplæringsmålet for skulen, eller rett og slett si eiga målform? (Jf. merknaden vår framfor til § 2.5, andre leddet.)

Fleire av desse spørsmåla kan synast vel detaljerte. Likevel er det slike spørsmål Språkrådet må gje utilfredsstillande svar på til dei som spør. Me kan svara at lærarane bør oppmodast til å ta omsyn til og respektera målforma ein elev har valt. Men sidan dette er spørsmål som kjem att og att, viser det at det trengst regelverk for dette området. Det gjeld språklege rettar for ei elevgruppe, og det gjeld at skulen gjev elevane god kompetanse i hovudmålforma si. For nynorskelevane gjeld det vidare at dei skal makta å halda på nynorsk som hovudmål.

2 § 9-4 Lærebøker og andre læremiddel, tredje leddet

”Lesebøkene i norskfaget i grunnskolen skal ha nok tilfang på begge målformer slik at elevane lærer å lese både bokmål og nynorsk.”

Språkrådet meiner det bør utarbeidast ei forskrift til denne lovteksten i § 9-4 tredje leddet, eventuelt lagast eit rundskriv som orienterer både skuleeigarar og lærebokforlag om kva denne passusen i lova inneber.

Tidlegare fanst det reglar som fordelte bokmål og nynorsk i lesetekstar i norskfaget (kvotefordelingsreglar). Dei var utarbeidde av Norsk språkråd og godkjende av Kyrkje- og undervisningsdepartementet 5.7.1978. Etter opplæringslova av 1998 og nye læreplanar for grunnskulen og den vidaregåande skulen vart det nødvendig å revidera dette regelverket. Styret i Språkrådet sende i november 1999 eit framlegg til nye reglar til fråsegn til Nasjonalt læremiddelsenter, Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening og Den norske forleggerforening. Forslaget saman med høringsfråsegnene vart deretter sende til godkjenning i Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet. Språkrådet føreslo at dei reviderte fordelingsreglane vart innarbeidde i ei eiga forskrift med heimel i opplæringslova § 9-4, *tredje leddet*.

I brev 14.2.2000 svara departementet at dersom forskrifta om godkjenning av lærebøker ville falla bort (det forslaget var då ute til høyring), ville ikkje opplæringslova § 9-4 *første ledd* kunna brukast til å gje forskrift, då regelen sjølv ikkje inneheldt ein eigen heimel til å gje forskrift.

”På denne bakgrunnen vil spørsmålet om fordelinga av nynorsk og bokmål i lesetekstar i norskfaget berre vere regulert gjennom opplæringslova § 9-4 tredje leddet, om at *Lesebøkene i norskfaget i grunnskolen skal ha nok tilfang på begge målformer slik at elevane lærer å lese både bokmål og nynorsk.*”

Grunnen til at Språkrådet ynskjer å få klårare retningslinjer for denne fordelinga, er at me får spørsmål om det er rimeleg med så stort bokmålstilfang som mange registrerer i norske lesebøker og antologiar. Me kjenner til at det i antologiar for vidaregåande skule rår ein fordelingspraksis på 30–40 % nynorsk. Då slike lærebokmanus var til språkleg godkjenning i Språkrådet, var 40 % nynorsk ei minimumsgrense. Grunnen til at ein ikkje krev ei 50–50-fordeling mellom målformene, er at leseverk også skal ta eit rimeleg omsyn til publisert norsk skjønnlitteratur, uavhengig av målform.

Det er likevel ikkje rimeleg at elevar med nynorsk opplæringsmål får så lite teksttilfang på hovudmålet sitt. For bokmålelevane må det vera ein fordel med meir stoff på nynorsk, dei ser lite til det som er sidemålet sitt elles i samfunnet.

Det bør ikkje vera opp til forlaga å leggja til rette på lærebokmarknaden. Deira omsyn til inntening og fortjeneste bør ikkje avgjera kva for læremiddel skuleeigarar der nynorsk er opplæringsmålet, har å velja blant.

Nedanfor gjev me att det forslaget til reviderte kvotefordelingsreglar som Språkrådet la fram for Utdanningsdepartementet i 1999.

FORDELINGA AV HOVUDMÅL OG SIDEMÅL I LESETEKSTAR I NORSKFAGET

Det er fastsett reglar for fordelinga av litteraturinnslag (både skjønnlitteratur og sakprosa) på hovudmål og sidemål i norskverka for grunnskulen og den vidaregåande skulen. Desse fordelingsreglane gjeld anten lesetekstane er presenterte i separate litteraturbøker, i litteraturbøker med oppgåver eller i norskverk med språkstoff og litteraturutval i same boka.

Forholdet mellom hovudmål og sidemål i litteraturutvalet på kvart klassesteg i **grunnskulen** skal vera om lag slik (det skal stillast same krav til både bokmåls- og nynorskutgåva):

	hovudmål	sidemål
1.–2. steget	1/1	
3. steget	nokre få innslag på sidemålet	
4. steget	5/6	1/6
5. steget	3/4	1/4
6.–10. steget	2/3	1/3

Forholdet mellom hovudmål og sidemål i litteraturutvalet for **den vidaregåande skulen** skal vera om lag slik:

	hovudmål	sidemål
Gr.kurs og VK1 og VK2 for all.fag.stud.ret.	2/3	1/3
Gr.kurs og VK1 for yrk.fag.stud.ret.	3/4	1/4

Blir litteraturutvalet/litteraturdelen av eit norskverk gjeve ut som **fellesutgåve**, skal den eine målforma ikkje vera representert med mindre enn 40 %. Dekkjer tekstsamlinga ein mindre litterær periode, må det vurderast om ein kan godta ei tekstmengd på mindre enn 40 % på den eine målforma.